

Nr. 2-2014, årgang 49.

KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg og Fjågesund og Kilen sokn.



I Kviteseid gamle kyrkje var det søndag den 15. juni ei markering av 200-års jubileet for den norske grunnloven. Biletet er frå ei dramatisering av innkallinga til valet av sendemenn til Eidsvoll. Vi ser Johannes Skarprud i rollen som prest Jens Zetlitz.

Side 6: Les om konfirmantar på sumarleir.

Side 10: Bli kjent med den nye presten.

Kontaktinformasjon

Ansvarleg redaktør:
Hallvard N. Jørgensen

Bankgiro:
Kyrkjeblad for Kviteseid,
3850 Kviteseid
Kontonr. 2660 10 30615

Aktuelle adresser:

Kyrjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31 – Faks. 35 06 81 28
Adresse: Statens Hus, 3850 Kviteseid

E-post:
post@kyrkjetrappa.no
Sosiale medier:
<https://facebook.no/kyrkjetrappa>
Twitter: @kyrkjelyd
Instagram: #kyrkjeliv

Olav Nordskog
Kyrkjeverje
Kontor tlf. 35 06 81 31
E-post:
kyrkjeverge.kviteseid@kyrkjetrappa.no

Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48
E-post:
kantor.kviteseid@kyrkjetrappa.no

Håkon Heggtveit
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 18 37 50
Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48
E-post:
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no

Torstein Eidem Nordal
Sokneprest i Kviteseid og Brunkeberg
Kontor tlf. 35 06 31 32
E-post:
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no

Hallvard Nordbø Jørgensen
Sokneprest i Vrådal, Fjågesund og Kilen
Kontor tlf. 35 06 81 29
Mobil tlf. 95 92 29 84
E-post:
sokneprest.vradal@kyrkjetrappa.no


Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80

Svanhild Fidjeland
Kyrkjelydssekretær
Mobil tlf. 40 90 02 89
E-post:
post@kyrkjetrappa.no

Om bladet

Framsidedfoto: Olav Mosdøl
Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit og
Niklas Karlsen
Utforming: Niklas Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS

Bidragstytarar i dette nummer: Hallvard
Nordbø Jørgensen, Olav Mosdøl, Arild
Bentsen, Svanhild Fidjeland, Torstein
Eidem Nordal, Hadle Hovda, Jan Haugen.



To små blinklys . . .

På mange område i livet, er det to grøfter me kan hamne i. Slik er det òg med TRUA.

Den eine: Me trur at me har og kan få svar på alt... Den andre: Me trur at me ikkje kan få svar eller ha svar på noko som helst...

TRU er eit mysterium. Mysterium betyr hemmeleg eller skjult, og det betyr at eg må orke å leve med ubesvarte spørsmål, leve med mysterium som eg ikkje klarar å kome til bunns i.

«No ser vi i ein spegel, i ei gåte, men då skal vi sjå andlet til andlet.

No skjønar eg stykkevis, men då skal eg kjenna alt fullt ut, liksom eg fullt ut er kjend av Gud.» 1 Kor 13,12

Som liten var alt så klart og greitt med Jesus . Eg song: «Ta hele verden, jeg velger Jesus...» og «I sorg og sykdom, jeg velger Jesus». Kristentrua hadde

ein naturleg plass i heimen. Denne tida var som å køyre etter ein bil i klart og fint vær... Etter kvart som eg vart større, kom det mange fleire spørsmål. Det vart vanskeleg å få svar på alt og kunne svare på alt. Det blei litt meir som den dagen då eg køyrde i snøstorm på veg til Hovden for mange år sidan. Det var rett før vegen vart stengd. Eg såg ingenting av det som var på sidene, BARE to små lys på bilen framfor meg. MEN FOLKENS: Det var ikkje det eg ikkje såg som var det viktigaste, men det eg såg: nemleg to små lys på bilen framfor! Det eg såg var nok til å kome meg vidare. Det var nok til å kome fram!

Det å vere ein truande er å leve i spenningsfeltet mellom det me ikkje veit og kan vite noko om, og det me veit og har fått vite noko om... *Og så må det me veit vere nok til at me vågar å velge å tru.*

Arild Bentsen

Eit godt råd

I oktober vil kvart sokneråd arrangere kyrkjelydsmøte etter gudstenesta i kvar av soknekyrkjene våre: 05.10: Kviteseid – 12.10: Fjågesund – 19.10: Vrådal – 26.10: Brunkeberg.

Til drøfting ligg forslaget om å slå saman dei fire sokna til eitt, og slik redusere tal på sokn og tal på sokneråd. Det nye soknet er foreslått å heitte Kviteseid sokn, og det nye soknerådet Kviteseid sokneråd. Arbeidet med dette vart sett i gang på eit felles soknerådsmøte i juni 2014.

I alle sokna registrerer me eit lokalt engasjement og ei positiv haldning til den lokale kyrkja og kyrkjelydsarbeidet. Samstundes har det vore vanskeleg gjennom dei siste to vala å rekruttere nye medlemmer til dei ulike sokneråda. Vidare har det i mange høve synt seg både arbeidskrevjande og tungvint å ha mange sokneråd som må konsulterast i fellessaker. Innarbeidinga av den nye trusopplæringa gjer det òg naudsynt å samle ressursane. Løysinga på desse utfordringane synest å vere å slå saman dei fire sokneråda til eitt, og slik dei fire sokneråda til eitt sokneråd.

Eit nytt felles sokneråd skal arbeide for ”alt som kan gjerast for å vekkja og nærja det kristeleghe livet i soknet” (Kyrkjelova §9), det vil seie i heile Kviteseid kommune. Det vil likevel vere viktig å oppretthalde den lokale forankringa mellom grend, kyrkje og kyrkjeliv. Difor er det ynskjeleg at det

opprettast kyrkjelydsutval i grendene der det no er sokneråd, slik at praktiske arbeidsoppgåver knytt til gudstenestene og andre tradisjonar får si lokale tilknytning. Eit eventuelt nytt sokneråd vil kome til å rekruttere til dette utvalet.

Har du ei formeining om dette? Då er det ynskjeleg at du, og så mange som råd, kan kome på ditt lokale kyrkjelydsmøte. Slik kan ein få innblikk i saka og vere med på drøftinga. For at det nye rådet skal få slagkraft og lokal breidde, er det eit ynskje at fleire kan tenkje seg å stille til soknerådsval. Kanskje er det din tur neste haust?

Torstein Eidem Nordal

Skifte av sekretærar på kyrkjekontoret

Dei siste åra har Karin Maria Larsen gjort ein veldig god jobb som sekretærhjelp på kyrkjekontoret. Vi har sett stor pris på å ha henne der, både på grunn av arbeidet ho har gjort og trivselen som ho spreier. Denne sumaren ynskte ho å bli pensjonist på ordentleg. Kyrkjekontoret seier med dette tusen hjarteleg takk for tenesta.

Vi har vore heldige og funne ein dugande og triveleg person til å fylle sekretærrolla på ny. Den nye sekretæren heiter Svanhild Fidjeland. Ho kjem frå Hægebostad, og har tidlegare vore misjonær i Vest-Afrika. Ho er tilsett ved Kvitsund gymnas i ei deltidstilling som spesiallærer og bibliotekar. Ho skal no også arbeide ved kyrkjekontoret i ei 40% stilling. Her vil ho vere på tysdagar og fredagar.



Foto: <http://www.agderkultur.no/kviteseid/14-Kvit%20099.jpg> [23.9.2014]

Brødsteinen i Kviteseid gamle kyrkje på utlån

Ein av erkebiskopane i Nidaros, Eystein Erlendsson, levde i Noreg på andre halvdel av 1100-talet. Han fekk skriva ei bok som heitte Passio Olavi. Denne boka vart sendt rundt i Europa. Føremålet var å fortelja om den norske helgenen Olav, og mirakel som var knytta til han.

Ei av historiene handlar om ei tenestefjente som vart tvinga til å baka brød på sjølve høgtidsdagen til heilag Olav. Ho ba helgenen om hjelp mot dette gudause påbodet, og underet skjedde: Mannen bak påbodet vart blind, og brøda – som stod i steikeomnen - vart til stein. Det står til slutt at ein av desse steinane «den dag i dag» er i kyrkja til helgenen, til vitnesbyrd og minne om underet. (Historia står blant anna fortald i Harald Hardrådes saga, avsnitt 56.)

Denne steinen, som vert kalla Brødsteinen, har så hamna i Gamle kyrkja (som er vigsla til heilag Olav). Korleis han fann vegen dit, er nok ikkje lett å svara på. No står han i eit lite rom i koret. Steinen er oval, 37 x 32cm

og veg litt over 10kg. Han vert også kalla "tårestein" fordi han vert fuktig når temperaturen stig. Her har eit stort publikum valfarta til kyrkja for å sjå denne steinen og finna lækjedom. Dei som er interesserte kan finna meir kunnskap om steinen i boka «Kviteseid gamle kyrkje 750 år». I samband med grunnlovsjubileet 2014 er det planlagt ei utstilling med arbeidstittel «Grunnlovens fundamentar», i Erkebispegarden ved Nidarosdomen i Trondheim. Det er Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider, ein ytre etat under Kulturdepartementet, som står bak. Målet er å visa at det fanst eit lovverk heilt attende til Olav den Heilage si tid. I samband med denne utstillinga er brødsteinen no på utlån, fram til mars 2015. Han er då å finna i Lavetthuset i Erkebispegarden, same staden som dei norske Riksregalia er utstilte. Så kviteseidningar som besøker utstillinga vil altså finna ein gamal kjenning der.

Hadle Hovda



Konfirmantane på leir

Også i år vart det arrangert sumarleir ved Gjennestad gartnarskule, for konfirmantar frå Kviteseid og andre kommunar i Vest- og Midt-Telemark. Leiren varte ei veke, og det var eit rikt og variert program. Fyrste dagen opna med leikar og spel på fotballbanen, og så gjekk det mykje i eitt. Kvar dag var det gruppesamlingar, der konfirmantane fekk møtast for samtale og oppgåver, under leiing av ein vaksen. Så var det dagleg undervisning om sentrale tema i den kristne trua. Andre tema var også sjølvbilete, og rus-tematikk.

Konfirmantane fekk også bruka kroppen på leiren; på "konf-challenge" dreiv gruppene med ulike praktiske og

morosame oppgåver: Rebusløp, volleyball, orientering og anna. Ein annan populær og spennande post på programmet var "Capture the flag". Her delast konfirmantane inn i to lag, og så skal dei bruke strategiar for å finne motstandaranes flagg, som er gøymt ute på den store banen. På kveldane er det så underhaldning, og her er både leiarar og konfirmantar med og arrangerer leikar, sketsjar, songinnslag og anna. Dagane avsluttast med ei roleg "skumringsstund." Her syng vi songar saman, tenner ljøs, og høyrer vitnesbyrd frå leiarane på leiren.

Utover i skuleåret kjem konfirmantane til å ha ulike typar av

undervisningssamlingar. Dei kjem også til å delta i rikt mon ved gudstenestene rundt om i kommunen. Det er eit engasjert og triveleg kull. Ta gjerne kontakt med dei om du treffer dei i gudstenesta eller ved andre høve.

Her fylgjer eit oversyn over dei som er konfirmantar i Kviteseid 2014/2015:

Kviteseid:

Malin Ovastrøm Andersen, Sonja Bakken Braun, Leah Didriksen, Andrea Grutle, Vegar Hauglid, Tobias Kvamme, Mathias Neverdalen, Sverre Eikland Sandland, Randi Strømsvik, Gunnar Sørkås, Guri Tveiten, Solveig Farmen Aabø.

Brunkeberg:

Svanhild Bjåland Barstad, Solveig Bruhaug, Kristin Wrålsen Evja, Ingvild Groven, Siri Sandland, Erling Slette-meås, Såmund Versto, Tord Versto, Vemund Versto, Kjell Arne Råmunddal Veting, Åse Margit Gjersund Aasheim.

Vrådal:

Frøya Buene, Maria Karlsen Sanden, Celine Henriksen Strand, Stian Vee Straand.

Fjågesund:

Irene Belatjønn Dokken.

Blyglaset på plass att

Det har gått nokre år sidan ein kraftig vind tok med seg blyglaset i Kviteseid kyrkje. Ein gravferdsdag i 2011 herja uveret kraftig. Takstein og andre meir eller mindre lause gjenstandar vart kasta hit og dit i området. Det var rett og slett skummelt å vera til stades i kyrkja denne dagen, som altså endte med at eit av dei store blyglasa datt ut og hamna i trappa ved inngangen. Til alt hell vart ingen skada.

Å lage eit nytt glas av denne typa er ikkje for kven som helst, og i tillegg ei dyr affære så vegen fram til å finne ei løysing var ikkje bare enkel. Tønsberg glassliperi var dei som tilslutt fekk oppdraget og i sommar kom det nye glaset på plass. Firmaet som utførte oppdraget gav uttrykk for at det var ei stor utfordring med kun bilete som mal, men resultatet vart bra.




Foto: Jan Haugen



Konfirmantar våren 2014

Fyrste rekke frå venstre: Sabrina Gotuholt, Emilie Meinstad Aasen, Anne Vadder,
Andre rekke f. v.: Solveig Torsdalen, Stine Ståland, Oda Lindestad, Marta Engeland
Tredje rekke f. v.: Prest Hallvard Jørgensen, Torjus Nordskog Ek Brynilsen,
Robin Aarbakk Magnushommen, Eirik Tveit Jensen, Erlend Hauglid.
Fjerde rekke f. v.: Thomas Midtsund Homman, Håvard Andresen, Mats Andre
Draugedalen vart konfirmert i Kviteseid, men er ikkje på biletet.



Tone Brauti, Emma Gotuholt Breidalen.
Mota, Karoline Grutle, Ylva Nordbø, Amalie Karlsen Mælen.
Vemund Sanden Tørdal, Øystein Nord Sandvik, Håvard Tangerud Jønholt,
Grave, Martin Golid Haugan, Johannes Slåttun, Stian Stykket. Ingrid Elise



Ny prest i Kviteseid

I haust byrja Torstein Eidem Nordal som sokneprest, med Kviteseid sokn og Brunkeberg sokn som tenestestad. Han blei innsett som prest i Kviteseid kyrkje 17. august. Torstein er ein hyggeleg og engasjert mann, og vi er glade for at han og familien hans har kome til Kviteseid. Kyrkjebladet har tatt ein prat med Torstein for å bli betre kjend med han, og få vite litt om kva han tenkjer om Kviteseid, kyrkja og livet.

Kven er du, Torstein?

Eg er vel "han nye presten" ? Nei, eg er nok ikkje ein person som er "rett opp og ned", eg må vere meg sjølv. Fyrst og fremst er eg far, ektemann og ven. Så er eg Guds barn, og deretter kan eg godt vera prest. Formidling er noko eg er oppteken av, eg har evne til å lytte og likar å snakke med folk. Eg vil at folk skal ha det bra rundt meg. Eg ser på meg sjølv som ein leiar og ein gründer. Eg er glad i Jesus, glad i

menneske og eg vil noko med jobben min.

Eg er oppvaksen i Kyrkjebygda i Nissedal. Sidan har eg mellom anna gått på Kvitsund og på Bibelskolen i Grimstad, eg har studert Drama- og teaterkommunikasjon ved Høgskolen i Oslo, og teologi ved Menighetsfakultetet (MF) der eg vart ferdig i vår. Då eg gjekk på bibelskule, møtte eg Lillian. I 2008 gjekk eg pilegrimsvandring frå Seljord til Røldal, og hadde med meg forlovsringane. Så fridde eg den sommaren. Nå har vi vore gifte i fem år, vi har sonen Natanael på 2 år og denne hausten fekk vi ei lita jente.

Korleis hamna du og familien din i Kviteseid?

På eitt vis er det ganske tilfeldig. Eg hadde sagt til meg sjølv at dersom det blei ledig soknepreststilling i Kviteseid då eg var ferdig på MF, så kunne eg søke der. Sant å seia så er dette den einaste staden i Telemark der eg ønska å vere prest. Kviteseid har ein plass i hjartet mitt. I tillegg til å ha gått på Kvitsund, kjenner eg også til bygda ved at begge foreldra mine jobba her tidleg på 90-talet, mamma Astrid på Trygdeheimen, og pappa Torgeir på Sosialkontoret.

Lillian og eg visste vi ville kome til eit godt miljø her i Kviteseid. På fleire måtar føler vi oss bedt til Kviteseid, både slik at vi har blitt inviterte hit og at vi er borne i bønn. Vi kjenner oss veldig velkomne. Bispedømerådsleiar

Jan Olav Olsen var i presteinnsetjinga mi. Han sa: «Eg har vore på mange presteinnsetjingar, men innsetjinga av Torstein var spesiell. Der må det ha vore meir enn to opne armar pr. person.»

Er det noko du gler deg spesielt til i prestenesta?

Eg vil seie det slik at eg tenkjer meir på kva eg gler meg over, enn kva eg gler meg til. Eg kan ikkje tenke meg noko betre liv enn å vere prest. Det er eit kjempeprivilegium å få stelle i stand til gudsteneste, og bringe Jesu bodskap til folk. Eg ser ikkje smått på å vere prest på ein liten stad. Her kan eg få tid til å ta inn over meg ulike inntrykk, og bli kjend med mange sider av lokalmiljøet. For meg er det naturleg både å tale på Kvitsund og, om eg er heldig, få vere med på revy på Sundvang.

Kva er det mest krevjande ved å vere prest?

Eg har bare vore prest ei lita stund, og har ikkje opplevd brøkdelen av kva det inneber endå. Men det er klart, å møte folk i djupe kriser vil vere vanskeleg, for det vil krevje alt av meg som menneske og fagperson. Men det kan og vere det mest givande dersom eg kan vere til hjelp og støtte. Å stadig kommunisere med alle typar menneske i alle livssituasjonar kan og vere krevjande, men samstundes spennande. Elles er det slik at det kan vere litt vanskeleg nå i starten det å ikkje kjenne folk og vite kven eg skal

kontakte ved ulike høve. Det tar tid å bli kjend.

Kva tenkjer du kjenneteiknar ei god kyrkje?

Det er eit veldig godt spørsmål! Eg ønskjer at det skal vere slik at uansett korleis livet er, om ein har det greitt eller går på ein smell, så er kyrkja ein stad ein kan vere. Fellesskapet skal vere innbydande, så vidt at det er plass for alle, med ulike bakgrunnar, og i alle livssituasjonar. Eg håpar også at ein opplever at det å vere med i kyrkja gjer noko med ein. At ein kan kjenne at liturgi og salmar ber sorg og glede. At ein gjennom forkynning, dåp og nattverd opplever at Jesus er levande, menneske blir oppreist og at det er godt å høyre til eit fellesskap der ein både kan gi og få. Ei god kyrkje er ein plass der ein kan trivast, og gjerne stoppe igjen ei stund etter messa for ein kaffikopp og ein god samtale.

Kva konkrete utfordringar står kyrkjelydane i kommunen framfor?

Det er fire omleggingar som er aktuelle nå. Det gjeld for det fyrste omstrukturering av sokna, med forslag om samanslåing av sokneråd. For det andre skal gudstenestene omstrukturast, ved at fleire av gudstenestene blir lagd til Kviteseid. Vi håper at det blir naturleg for folk frå alle grendene å delta på gudstenester, uansett kva kyrkje dei er i. For det tredje held vi på å etablere eit trusopplæringsråd, og vil leggje til

rette for trusopplæring, aktivitetar og fellesskap i kyrkja for alle døypte frå 0-18 år. Særleg ønskjeleg er det å få på plass eit søndagsskoletilbod parallelt med gudstenesta. For det fjerde jobbar vi med å bli meir synlege på internett, slik at det skal vere lett å få vite om det som skjer.

Så må eg få leggje til at vi ønskjer å involvere flest mogeleg i gudstenestearbeidet; vi treng stadig folk til oppgåver som mellom anna å lese tekst, vere klokkarar og styre skjerm.

Har du ei oppmoding til lesarane av kyrkjebladet?

Eg trur at mange har verdfulle tankar om tru og kyrkje, men ikkje alle føler at det er naturleg å dele dei. Kanskje er det du som føler at kyrkja er framand, som har mest å bidra med. Vi treng ulike stemmer for å skape eit godt gudstenesteliv. Eg håpar folk kjenner seg frie til å ta kontakt dersom dei har meiningar om det som skjer i kyrkja, om dei ønskjer å vere med og ta ansvar for ulike oppgåver, eller om dei ønskjer ein samtale om alt frå fotball og jakt til tru og tvil. Viss livet blir for smått eller stort kan det vere godt å snakke med andre. Dersom nokon skal kunne bry seg, må også nokon vere til bry.

Prestens hjørne

Eg vaks opp i Vrådalen. Det var ein god og trygg stad å vakse opp. Vi som var jamaldringar, var gode vener, og kvar dag var mest som eit eventyr, der vi fann på nye ting. Her er nokre av tinga eg hugsar, frå då eg var i barneskulealder:

Vi spela mykje Nintendo, særleg Super Mario, og lånte spel av kvarandre. Vi gjekk skuletur i skogen ved Revskil, og ein dag fann vi eit fugleegg. Vi dykka ved brygga i sentrum for å finne tomme ølflasker som vi kunne pante. Vi hoppa på trampolina på Sommarland. Vi utforska forlatne bygningar i sentrum og ved skytebanen. Vi laga demningar av sand der bekken rann, ved Lislekås. Vi laga kiosk i Roar-feltet, og eg trakka på ein spiker. Vi aka nedanfor parkeringsplassen ved skulen, og ein dag aka vi rett uti vatnet. Vi var med på orientering, fotball og skikarusell; sundagsskule, aktivklubb og yngres.

"Det må ein landsby til for å oppsede eit barn," seiest det i eit afrikansk ordtak. Det er nok mykje sanning i det. Alle som bur i ei bygd er faktisk med på å påverke det miljøet som borna veks opp i. Det gjeld å bidra til at borna får eit miljø som er trygt og godt, der dei kan utfalde seg og utvikle seg, både sosialt og evnemessig.

Og samstundes kan eg hugse at vi



borna ikkje berre var fromme, heller. Vi dunka hardt på telefonen i sentrum, og då datt det stundom ut kroner. Vi fann ein frosk ein gong, ved Berglandsbukta, og den freista vi å koke i ei gryte. Ein gong tok vi ut krut frå haglskot, la det i ein haug, helte på diesel, og tente på. Vi gjekk på dørene og lét som vi samla inn pengar til "Redd barna", i Åslandsfeltet, for å kunne kjøpe godteri. Vi hoppa og stupa frå taket på Fram, inntil kona til kapteinen ein dag såg oss. Ein gong stal vi nokre flasker brus frå skyttarlaget. Stundom hadde nokon av borna fått tak i porno, som dei viste rundt.

For born er det spennande å utforske, og å teste grenser. Det er naturleg og viktig. Samstundes trengst det vaksne som er i nærleiken og gjev rettleiing, som gode førebilete. Det er ein del av det å lære grenser, og å ta ansvar. Slik god rettleiing fekk eg også fleire gonger i min oppvekst, både frå foreldre og lærarar og andre. No i dag håpar eg å leve på ein rettskaffen måte, samstundes som eg tykkjer at det er viktig å ta vare på den barnlege sida av livet også.



Meir himmel på jorda

- Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus

(Frå Den norske kyrkja sitt visjonsdokument 2015–2018)

Døyppte

- Vrådal: Matheo Noel Breivik
Nekstad.
Marius Skipar-
Thomassen.
- Kviteseid: Malene Jore.
Mari Grestad Hordnes.
Martine Heimdal
Pedersen.
Andreas Riis Haugan.
- Brunkeberg: Håkon Vaagen Kvalbein.

Vigde

- Kviteseid: Ida Elisabeth Nielsen og
Bjørn Stian Sigurdslid.
Silje Flatin og Jonny
Lauvstad.
Marie Midtsund og
Bård Kristian Lyster.
Linda Skjerpen og
Helge Antonsen.
Cecilie Hübert og
Jens Christian Hosum.

Gravlagde

- Vrådal: Emma Lunde.
Leander Jamgrav Olsson.
Jørund Eikland.
Olav Hauge.
- Fjågesund: Inge Teigen.
- Kilen: Einar Kåstastul
Rønningen.
- Kviteseid: Else Karin Slåtten.
Gudrun Martine Sandvik.
Borghild Tveit.
Bernt Bentsen.
Ruth Rødbakk.
Karl Emanuel Riis.
Harald Finkenhagen.
Thorer Ragnar Tveitan.
Torleiv Olav Fjalestad.
Anne Katrine Florentz
Richardson.
- Brunkeberg: Margit Bjørnflaten.
Tarjei Noraberg.
Guro Groven.



Oppslagstavla

Skyss til gudsteneste?

Kviteseid

Ring Hadle og Ragnhild på
tlf. 350 53 784.

Formiddagstreff på Misjonshuset

kl.11:

24.september - 29.oktober -

03.desember

Joleavslutning med Lundenjordet

18.desember

Trine Rein held konsert saman med Kviteseid Soul Children

Fredag 5.desember kl.18 held Kviteseid Soul Children konsert i Kviteseid kyrkje. Saman med Trine Rein, popartist særleg kjend frå 1990-tallet, framfører dei Trine Reins femte album Julegaven frå 2011. Musikken er inspirert av ekte sørstatsgospel og tradisjonell norsk julemusikk. Kom, og opplev ekte musikalsk juleglede!

Arrangert i samarbeid med Trine Rein, Star of hope, Kviteseid Soul Children og Kviteseid sokneråd.

Julebasar på Misjonshuset

Laurdag 29. november kl. 09.30 - 14.00

arrangerer Kviteseid sokneråd den årlege basaren på Misjonshuset.

Opplegget vert som i tidlegare år med loddsal til mange gevinstar, sal av bakverk og løppur. Det vert song av Kviteseid barnegospel og Hornmusikken kjem. Vi er takksame for alle som kan gje gevinstar, løppur eller som kan hjelpa til med kakebakst. Inntekta går til barne- og ungdomsarbeid, misjonsprosjekt og kyrkjelydsarbeid elles.

Kviteseid sokneråd

Bolting av Gravminne

Vi som har vårt arbeid på kyrkjegardane i Kviteseid, får oss av og til nokre overraskingar når det gjeld gravminne. Ikkje alle er/var bolta. Dette har vi nå gjort noko med. Ein svært grei haust i 2013 og ein tidleg vår i 2014 gjorde at vi kunne fullføre denne jobben før sommarsjauen tok til. Alle gravminne på samtlege kyrkjegardar i kommunen er nå sjekka/bolta. Dette er svært viktig for sikkerheten. Enkelte støtter kan nok fortsatt virke bevegelege, men grunnen til det kan vera at det står feil type bolt i frå før eller at sokkelen ikkje er stødig nok. Dette har vi sett fleire eksempel på.

Håpar denne informasjonen kan vera til litt nytte.



Nett no er me på nett og du kan du fylgje oss, og få siste nytt frå kyrkjelydsarbeidet - i ord og bilete.

Kvardagskyrkje. Kvar dag.

fylgje like dele

Den norske kyrkja i Kviteseid

 /kyrkjetrappa

 @kyrkjelyd

 #kyrkjeliv

Returadresse:
Kyrkjekontoret
3850 Kviteseid

Gudstenester

OKTOBER

Sun. 19. 19. s. i treeiningstida Gal 5, 16-26
Vrådal kl. 11. Jørgensen. Familiegudsteneste. Dåp.
Konfirmantpresentasjon. Unge Røyster.
Ofr. Kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjelydsmøte.
Kyrkjekaffi.

Fre. 24 Ljosmesse
Kviteseid kl. 1930. Nordal. Oftr. Russeprosjekt ved
gamle kyrkje Kvitsund Gymnas.

Sun. 26. Bots- og bededag Luk 13, 22-30
Brunkeberg kl. 11. Nordal. Familiegudsteneste.
Nattverd. Kviteseid Barnegospel.
Ofr. Redd Barna. Kyrkjelydsmøte.
Kyrkjekaffi.

NOVEMBER

Sun. 2. Helgemessesundag Matt 5, 1-12
Kviteseid kl. 18. Jørgensen. Kviteseid kyrkjekor.

Sun. 9. 22. s. i treeiningstida Matt 12, 33-37
Kviteseid kl. 11. Nordal. Familiegudsteneste. Unge
Røyster. Oftr. Barne- og ungdomsarbeidet.

Sun. 16. 23. s. i treeiningstida Mark 10, 28-31
Morgedal kl. 11. Nordal. Oftr. Kvitsund Gymnas.
Grendehus

Sun. 23. Siste s. i kyrkjeåret Matt 25, 31-46
Kviteseid kl. 11. Nattverd. Oftr. Strømmestiftelsen.

Sun. 30. 1. s. i advent Luk 4, 16-22a
Vrådal kl. 11. Nordal. Kviteseid kyrkjekor.
Bedehus Oftr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt.

DESEMBER

Sun. 7. 2. s. i advent 1 Kor 15, 50-57
Kviteseid kl. 11. Nordal. Oftr. kyrkjelydsarbeidet.
Misjonshus

Tors. 11 Jolekonsert
Vrådal kl. 19. Jørgensen. Deltaking frå
diverse lokale songarar og musikarar.
Andakt.

Sun. 14. 3. s. i advent Luk 3, 7-18
Kviteseid kl. 18. Nordal. Adventskonsert.
Ofr. Rachel Trovis arbeid.

Sun. 21. 4. s. i advent Luk 1, 39-45
Kilen kapell kl. 16. Nordal. "Eit annleis jolebord."
Ofr. Kirkens Nødhjelp.

Ons. 24. Jolaftan Luk 2, 1-20
KOS kl. 1330. Jørgensen
Brunkeberg kl. 15. Nordal. Oftr. Kirkens Bymisjon.
Vrådal kl. 16. Jørgensen. Oftr. Kirkens Nødhjelp.
Kviteseid kl. 1615. Nordal. Oftr. Kirkens Nødhjelp.

Tors. 25. Joledag Joh 1, 1-14
Kviteseid kl. 11. Jørgensen. Nattverd.
Kviteseid kyrkjekor. Oftr. NMS.
Vrådal kl. 11. Nordal. Nattverd. Oftr. NMS.

Fre. 26. 2. joledag Matt 10, 16-22
Brunkeberg kl. 11. Nordal. Nattverd.
Fjågesund kl. 11. Jørgensen. Nattverd.
Ofr. Kirkens Bymisjon.

Ons. 31. Nyårsaftan Joh 14, 27
Kviteseid kl. 23. Jørgensen. Nattverd.